

# Selje (*Salix capera*)

## Eit av våre nyttigaste treslag!



Ordet *salix* tyder å bøye/flette, og *capera* tyder geit.

Selja vart rekna for eitt av dei beste og nyttigaste treslaga.

Lauva er verdifullt **fôr**, borken viktig **garvemiddel** og veden god til trearbeid. Veden har lite smak, og difor laga dei ofte **reiskap til matlaging** av selje.

**Borken** vart også bruk til medisin mot feber og smerte. Den inneheld salisylsyre – det same som tablettar mot feber inneheld i dag.

Nokre stadar vart selja kalla **tannverktre**.

### LÆR Å LAGE SELJEFLØYTE:

Seljefløyta er kjend og kjær over heile landet. Slik lagar du *pistrefløyte*:

- Finne eit passe tjukt emne frå ei seljegrain om våren. Det må vere rettvakse og kvistfri.
- Skjer ein ring ca. 10-15 cm frå eine enden.
- Skjer enden på skrå som eit munnstykke.
- Snitt ut eit halvmåneforma blåsheol ca. 3 cm frå enden.
- Fukt emnet (slikk på det).
- Bank på borken over ringen med knivskaftet, slik at dei nye cellene i sevjelaget går sund. Det høver fint å seie ei regle når du bankar  
*Fugla fugla pipa,  
Vil du gao for meg i oar  
So ska eg gao for deg eit anna aor,  
Fugla fugla pipa (regle frå Urnes)*
- Vri forsiktig av borken.
- Skjer ei djup skøre ved lydholet og nedover mot midten av fløyta, større hol – mørkare lyd.
- Skjer litt av treet frå lydholet til munnstykket
- Ta på att borken, og prøv. Ta vekk meir mellom munnstykket og lydholet visst du ikkje får lyd.

Rull fløyta inn i eit fuktig klede for oppbevaring.

1: Grein med hannaks. 2: Grein med hoaks. 3: Hannblomar med eitt skjermblad. 4: Hoblomar med eitt skjermblad. 5: Grein med blad og fruktlekam. 6: To nyopna frøhus. 7: Eit frø. 8: Eit svevande frø.